



Alver kommune
Att:
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Alver kommune - Uttale til søknad om mindre planendringer ved Toska hyttefelt gnr443 bnr7 bnr101 mfl

Vi viser til brev frå Alver kommune, datert 29.11.21, om høyring i forbindelse med mindre planendring ved Toska hyttefelt.

Om søknaden

Søknaden gjelder naust i hyttefeltet og deira plassering i terrenget. Forslagsstillar ønskjer å planere i naustområde, og å flytte nausta tre meter lenger inn på land for å ivareta landskapet, og unngå utfylling i sjø.

Fiskeridirektoratet sitt ansvar i planarbeid

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande organ innanfor fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgjer for desse næringane er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet. Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

Vår vurdering

I kartverktøyet vårt [Yggdrasil](#) er det i sjøområdet utanfor planområdet registrert eit lokalt viktig gytefelt for torsk, samt større førekomstar av kamskjel, verdi-kategorisert som viktig. Fiskeridirektoratet region Vest ser difor positivt på planendringa og at ein droppar planar om utfylling i sjø. Vi oppmodar likevel om at arbeid i strandsona utførast med størst mogeleg varsemd for å unngå å spreie steinmassar på sjøbotn.

Vi ber om å få kopi av vedtak i saken.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Charlotte Skeide Norseng
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.



Mottakarliste:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG

Kopi til:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSS
EN

Fiskarlaget Vest

Slottsgaten 3

5003

BERGEN

Kystverket Vest

Postboks 1502

6025

ÅLESUND

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

